

Intensjonsavtale for Storfjord kommune



Inngått mellom kommunane

Skodje, Ørskog, Stordal og Norddal

Mars 2016

Innhald

Intensjonsavtale	3
Kommunenamn og kommunevåpen	3
Kommunenamn.....	3
Kommunevåpen	3
Administrasjonsstad	3
Målform	3
Overordna mål for den nye kommunen	4
Delmål knytt til kommunen sine fire hovedoppgåver	4
Lokaldemokrati	4
Målsetjingar	4
Demokratisk modell	4
Kommunestyret.....	4
Formannskap og utval/komitear	4
Kommunale tenester.....	5
Målsetjingar	5
Prinsipp for tenesteyting	5
Digitalisering.....	6
Interkommunale samarbeid	6
Kommunikasjon, samfunns- og næringsutvikling	6
Samfunns- og næringsutvikling	6
Samferdsel og infrastruktur.....	7
Økonomi.....	7
Kommunen som arbeidsgjevar.....	8
Fellesnemnd. Prosjektleiing.	8
Fellesnemnd	8
Prosjektleiing.....	8
Intensjonsavtalen	9

Intensjonsavtale

Skodje kommune, Ørskog kommune, Stordal kommune og Norddal kommune har ein intensjon om å slå seg saman. Kommunene har forhandla fram ei felles plattform for ei ny landkommune på Nordre Sunnmøre, som skal endeleg handsamast i dei respektive kommunestyra.

Bakgrunnen for avtalen er at Stortinget har bede kommunane tenke langsiktig - 30 år eller meir, og vurdere kommunestrukturen ut frå at det ikkje er samsvar mellom dagens kommunegrenser og den kvarvardsregion innbyggjarane er ein del av, at det i framtida vil vere strengare krav til kommunen som samfunnsutviklar, tenesteprodusent og myndigheitsutøvar, og at kommunane i åra framover kan få strammare økonomiske rammer til å utøve sine oppgåver.

Kommunane har som mål å etablere ny kommune frå 01.01.2020.

Overordna mål for intensjonsavtalen:

- Skape ein kommune med livskraft og utviklingsmuligheter
- Søke det beste for innbyggjarane og næringslivet
- Legge strategiske føringer for fellesnemnda
- Konstruere ein avtale som står seg sjølv om ei eller fleire kommunar ikkje blir med til slutt

Kommunenamn og kommunevåpen

Kommunenamn

Arbeidstittel vidare i arbeidet er: Storfjord kommune.

Fellesnemnda får i oppdrag å arbeide vidare med namn på den nye kommunen.

Kommunevåpen

Det skal startast eit arbeid med å etablere nytt kommunevåpen og nytt ordførarkjede. I konstruksjonen av nytt ordførarkjede er det eit ønske om at tidlegare kommunevåpen er ein del av utsmykkinga.

Administrasjonsstad

Administrasjonsstad i den nye kommunen vert lagt til Sjøholt.

Målform

Nynorsk er den offisielle målforma i den nye kommunen.

Overordna mål for den nye kommunen

Målet er å etablere ein livskraftig kommune der alle jobbar saman for å utvikle attraktive og gode lokalsamfunn. Kommunen skal ha framtidsretta tenester til det beste for den enkelte innbyggjar og næringsliv.

Delmål knytt til kommunen sine fire hovudoppgåver

Kommunereforma listar følgande hovudoppgåver for kommunen: Lokaldemokratisk arena, tenesteytar, myndighetsutøvar og samfunnsutviklar. I det vidare går det fram korleis vi tenker å løyse desse.

Lokaldemokrati

Målsetjingar

Storfjord kommune skal arbeide for eit sterkt lokaldemokrati med god representasjon frå heile kommunen og med brei politisk deltaking.

Kommunen skal stimulere til aktiv lokaldemokratisk medverknad mellom vala. Enkeltinnbyggjarar, lag, foreiningar og næringsliv skal få høve til å gi sine synspunkt og påverke avgjerdsprosessar. Digitale verktøy skal vere eitt av fleire verkemiddel i dette.

Demokratisk modell

Den nye kommunen skal ha formannskapsmodell med hovudutval.

Kommunestyret

Kommunestyret skal ha 27 medlemmer.

Formannskap og utval/komitear

Det skal vere politiske hovedutval, ikkje kommunedelsutval.

Skisse til hovudutval kan vere

- a. Plan og utvikling (nærings/teknisk og samfunnsutvikling ligg her)
- b. Helse, omsorg og sosial
- c. Oppvekst
- d. Kultur og stadsutvikling (inkl. idrett, frivilligheit og utvikling av lokalsamfunn)



Fellesnemnda skal ta endeleg stilling til utvalstrukturen og utvikle eit delegasjonsreglement som styrer fullmakter til dei ulike politiske organa.

Kommunale tenester

Målsetjingar

- Gode tenester og god samfunnsutvikling
- Sikre og vidareutvikle kvalitetane i tenestene
- Styrke og skape robuste fagmiljø
- Ta vare på den enkelte innbyggjar sin rettstryggleik gjennom kompetent og profesjonell sakshandsaming
- Sikre likebehandling av alle innbyggjarar
- Ei open forvaltning med høg etisk standard
- Kompetente fagmiljø som utøver fagleg skjønn og nyttar det handlingsrommet som ligg i lovverket

Prinsipp for tenesteyting

Kommunen skal gi eit heilskapleg, likeverdig og tverrfagleg tilbod til alle innbyggjarane i den nye kommunen. Tenestene skal tilpassast dei økonomiske rammene i den nye kommunen.

Kommunen må heile tida arbeide for å effektivisere både basistenester og administrasjon. I tillegg vil ein måtte harmonisere skattar og avgifter i heile den nye kommunen, og tilpasse seg til ei kvar tid gjeldande rammevilkår.

Basistenestene er nærtjenester som bør ligge der folk bur. Dette er institusjonar som barnehage, skule og pleie- og omsorgsinstitusjonar.

Ein skal vidare etterstrebe desentralisering av faglege/administrative stillingar i den nye kommunen. Dette kan vere spesialistfunksjonar innan plan, teknisk, oppvekst, barnevern, kultur m.m. I plassering av desse stillingane skal ein søkje å balansere ønsket om desentraliserte arbeidsplassar opp imot behovet for samling og styrking av fagmiljø.

- Det er eit ønske å nytte alle etablerte rådhus ved å desentralisere fagavdelingar, arbeidsplassar
- Det er også eit mål å oppretthalde kommunale arbeidsplassar i dei opprinnelege kommunane.
- Ein skal etterstrebe å plassere fagmiljø i klynger der det allereie er etablert særleg kompetente fagmiljø.
- Det er eit mål å styrke fagmiljøa knytt til td. kulturskule, bibliotek, helsetenester. Målet er ein desentralisert struktur - eventuelt gjennom mobile løysingar.

Kommunen er avhengig av, og skal støtte frivillig innsats. Det skal utarbeidast retningsliner for gratis bruk av offentlege bygg, samt retningsliner for tilskot til frivillige lag og organisasjonar.



Digitalisering

Digitale løysingar skal vere førstevalet for Storfjord kommune. Det er ein klar ambisjon at dialogen mellom kommunen og innbyggjarar/næringsliv skal lettast gjennom digitale løysingar. Ein skal leite etter gode løysingar på tenesteleveransen, der ein skal søke å ta i bruk teknologi som gir effektiviseringsgevinstar. IKT-verktøy skal vere eit strategisk verkemiddel for kommunane sitt arbeid med omstilling, organisasjonsutvikling og økonomisk effektivisering av drifta.

Ved etablering av den nye kommunen skal alle samordnast på same IKT-plattform. Ein del av omstillingsmidlane vil gå til dette.

Dette kommunereformprosjektet vil fortsatt vere avhengig av eit interkommunalt samarbeid på IKT-området, eller ha ein ekstern aktør som leverer dei digitale tenestene kommunen har behov for. Det vil vere naturleg at fellesnemnda ser til arbeidet i eKommune Sunnmøre.

Det er ei målsetjing å legge til rette for utbygging av breiband til næringsliv og innbyggjarar i alle delar av kommunen.

Interkommunale samarbeid

Eit av måla med kommunereforma er å etablere robuste fagmiljø som kan levere tenester til innbyggjarar og næringsliv. Tenester og oppgåver som i dag er organiserte i interkommunalt samarbeid må vurderast. Siktemålet er at flest mogleg av desse oppgåvene skal løysast av den nye kommunen. På denne måten vil ein oppnå betre politisk styring og tverrfagleg samarbeid.

Ein vil framleis vere avhengig av interkommunalt samarbeid på ei rekke område. Fellesnemnda får i oppgåve å vurdere kva for tenester ein kan handtere innafor den nye kommunen, kva for område ein må samarbeide med andre om, og kva samarbeidsform ein skal søke å etablere på dei ulike områda.

Kommunikasjon, samfunns- og næringsutvikling

Samfunns- og næringsutvikling

Storfjord kommune skal ha ei overordna samfunns- og arealplanlegging som legg til rette for utvikling i heile kommunen, og som bidrar til ei berekraftig utvikling i samfunns- og næringsliv.

Storfjord kommune skal:

- Arbeide for å skape ein felles identitet
- Skape attraktive område for tilflytting, og stimulere til busetting i alle delar av kommunen.
- Styrke næringsutvikling i alle delar av kommunen.
- Knyte saman heile kommunen gjennom god infrastruktur



- Legge til rette for auka kollektivandel, for å redusere bilbruken.
- Legge til rette for god utvikling og inkludering av frivillig sektor
- Stimulere til eit godt og nyskapande kulturtilbud

Det vil vere behov for plansamarbeid med nabokommunar. Dette gjeld særleg samfunns- og arealplanlegging, kollektivsatsing og transportsystem generelt.

Den vestlege delen av kommunen er integrert i ein annan bu- og arbeidsmarknadsregion. Dette krev plansamarbeid med Ålesundsregionen.

Samferdsel og infrastruktur

Storfjord kommune skal arbeide for raskast mogleg realisering av desse prosjekta:

- E39 Møreaksen med trasé K2 over Ørskogfjellet
- Børdalslinja
- Storfjordsambandet/Avlastingsveg frå Digerneset til Magerholm
- Flybuss frå Digernesskiftet via Stette og Ellingsøya
- Digital infrastruktur i heile kommunen

Storfjord kommune skal arbeide for styrka kollektivtransport i heile kommunen, med særleg fokus på kveld og helg, herunder også kommunikasjonen til Ålesund by.

Økonomi

Med tanke på signal om framtidig finansiering av kommunesektoren vil den nye kommunen måtte arbeide for omstilling og effektivisering, samt å utnytte inntektpotensialet gjennom eigedomsskatt. Signal kring finansiering tyder på betydeleg bortfall av inntekter frå 15 år og utover. Dagens regime for eigedomsskatt er ulikt, og må harmoniserast.

Kommunane skal fram mot samanslåing vise varsemd og berre gjennomføre tiltak som er i samsvar med kommunane si økonomiske bereevne.

Prinsippet for økonomi er «All in».

Det er ein ambisjon å legge til rette for heilskapleg planlegging. Dette gjeld til dømes økonomiplan som tek omsyn til planane til dei opprinnelige kommunane, og som jobbar fram mot ei felles kommune frå 2020. Alt frå hausten 2016 skal ein starte å tilnærme seg ein felles økonomiplanprosess med blikk for å bygge ei felles kommune.

Det ligg til fellesnemnda å koordinere dette arbeidet.

Vi skal:

- Orientere kvarandre gjennom fellesnemnda om planlagde investeringar slik dei ligg i vedtekne budsjett og økonomiplanar
- Peike ut dei viktigaste tiltaka slik at dei andre kommunane får innsyn i dei
- Ikkje selje verdiar som t.d. kraftaksjar utan etter drøfting med dei andre.



Kommunen som arbeidsgjevar

Storfjord kommune skal ha ein arbeidsgjevarpolitikk som bidrar til å samle og utvikle arbeidstakarane i den nye kommunen, og som skaper eit løysingsorientert miljø med gode relasjonar mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarar. Storfjord kommune skal ha ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk, vidareføre det gode trepartssamarbeidet, og legge til rette for mangfald blant dei tilsette.

Strategi og tiltak

- Stor grad av medverknad frå arbeidstakarorganisasjonane både under og etter etablering av den nye kommunen.
- Alle tilsette sine noverande rettar vert vidareførte i samsvar med lov- og avtaleverk
- Ingen tilsette må slutte som følge av kommunereforma. Alle tilsette vil få tilbod om stilling i tilsvarende størrelse og tidsperiode som ein har i noverande kommune. Dersom det blir overtallige, vil den nye kommunen gje tilbod om anna passande arbeid.
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon, og sikre gode fagmiljø som stimulerer til god rekruttering og godt omdømme som arbeidsgjevar.
- Dei tilsette vil framleis vere sikra pensjonsordning gjennom KLP/SPK.

Det skal oppretta eit partssamansett utval for handsaming av saker som gjeld forholdet mellom den nye eininga som arbeidsgiver og dei tilsette, jfr. Inndelingslova §26, 2. ledd. Det partsamansette utvalet skal lage eit omstillingsdokument som:

- Harmoniserer ulike reglement (tilsettingsreglement, permisjonsreglement m.m.)
- Inneheld ein felles lønspolitikk for alle tilsette
- Har retningslinjer for å harmonisere lønsskilnader over tid

Fellesnemnd. Prosjektleiing.

Fellesnemnd

Det skal oppretta ei fellesnemnd i samsvar med Inndelingslova § 26, som har ansvar for å styre og følgje opp samanslåingsprosessen i perioden frå det er gjort vedtak og fram til samanslåinga vert sett i verk.

Fellesnemnda skal samansetjast med 4 deltagarar frå kvar kommune.

Fellesnemnda sitt arbeid bør starte opp så tidleg som mogleg hausten 2016.

Prosjektleiing

Fellesnemnda skal ta stilling til prosjektorganisering av arbeidet med å etablere den nye kommunen frå hausten 2016 til den nye kommunen vert sett i verk.



Intensjonsavtalen

Storfjord kommune


Avtaleteksten gir ei overordna strategisk skisse til bygging av den nye kommunen, og er eit produkt av omforeinte løysingar mellom partane.

Partane anbefalar avtalen oversendt deltagarkommunane til vidare politisk handsaming.

Norddal 17. mars 2016



Norddal kommune
Arne Sandnes
Ordførar



Skodje kommune
Dag Olav Tennfjord
Ordførar



Stordal kommune
Eva Hove
Ordførar



Ørskog kommune
Karen Simonnes Aanes
Ordførar